

Eldar Heide:

"Snorres bruk av rammeforteljingar i *Edda*"

Prøveførelseslesing til magistergraden i norrøn filologi, 13.02.1998

Snorre skreiv si *Edda* som ei lærebok i diktekunst. Men for å forklare dei poetiske omskrivingane som viser til mytologien, måtte han da samstundes skrive ei lærebok i nordisk mytologi, og det er som dét Snorre-Edda er best kjend i dag. Snorre-Edda består av fire hovuddelar: Prologen, *Gylfaginning*, *Skaldskaparmál* og *Háttatal*. Mesteparten av det mytologiske stoffet er presentert i dei midtre hovuddelane *Gylfaginning* og *Skaldskaparmál*. Til kvar av dei to hovuddelane har Snorre laga ei rammeforteljing som det mytologiske stoffet blir fortalt innanfor. Det er spørsmåla bruken av desse rammeforteljingane reiser eg skal sjå nærare på i dag.

Eg føreset at alle dei fire delane av *Edda* høyrde til verket opphavleg, slik det vanlege synet er i dag.

Utgreiinga fell i to delar. Først vil eg presentere rammeforteljingane og gå gjennom ein del interessante, men ukontroversielle sider ved Snorre sin bruk av rammeforteljingane i *Edda*. Etter det vil eg gå inn på to sider ved rammeforteljingane som hittil ikkje har vori framme i drøftinga av Snorre-Edda, så vidt eg veit, i alle fall. Det eine er at det ser ut som Snorre ønskte å gje oss ein labyrint av opplysningar om kven æsene er og om den guddomlege statusen deira. Det kan sjå ut som han dobbelkommuniserer når det gjeld euhemerismen. Det andre er at Snorre da han laga rammeforteljingane snudde om på strukturen i dei heidne modellane sine, slik at strukturen høver betre med det kristne gudsbiletet. Med dét vil eg prøve å vise at Snorre kan ha vori enda meir positiv til den gamle trua enn det vanlege synet er blant granskarane i dag. Det *kan* jamvel sjå ut til at han identifiserte dei norrøne gudane med sin eigen Gud.

* * * * *

Eg begynner med å attfortelja rammeforteljingane heilt kort. Rammeforteljinga i *Gylfaginning* er den mest forseggjorde og avanserte. Ho tek til med at kong Gylve rår over landa der det sidan heiter Svitjod. Han er ein klok og trollkunnig mann, men ein gong blir han snytt av ei som heiter Gjevjon, og som er av åsaætt. Da spør han seg sjølv kva det kjem av at æsene støtt har lykka med seg, og bestemmer seg for å oppsøke dei for å finne det ut. Han fer i løynd, og skaper seg om til ein gamal mann for å vera ukjend. Men æsene er lurare. Dei har spådomsevner, så dei veit at han kjem, og lagar synkvervingar i mot han. Når Gylve kjem til Åsgard, kallar han seg *Gangleri*, 'vandringsmann', og blir ført inn i hallen og fram for kongen til æsene. Han heiter *Hár*, 'Høg'. Men i eit høgsete høgre enn hans sit det ein som heiter *Jafnhár*, 'Jamhøg', og høgre enn han igjen ein som heiter *Priði*, 'Tredje'. Vandringsmannen Ganglere får mat og drykk, og spør om det er nokon kunnig mann der. Da svarer Høg at Ganglere ikkje kjem levande ut, om ikkje *han* veit meir enn *dei*. Dermed er vi komne til sjølve den mytologiske kunnskapen: Ganglere spør og får svar om gudane, om opphavet til verda, korleis ho er innretta, om dei ymse skapningane som held til i henne, og om verdsundergangen. Men til slutt veit ikkje æsene meir, når Ganglere vil veta kva som skjer etter at den nye jorda er stigen opp or havet etter ragnarok. Da høyrer Ganglere eit brak, og veit ikkje av før han sit ute på ein grasvoll, og da er både Åsgard og æsene borte. Alt han har opplevd frå han kom til Åsgard har vori eit einaste narresyn, og alt han har fått høyre er

fortalt i dette narresynet. Av dét kjem namnet *Gylfaginning*, 'narringa av Gylve'. Etter dette fer kong Gylve heim i riket sitt, og fortel det han har sett og høyr. Og etter han fortel den eine den andre dei sogene. Men æsene bestemmer seg for å gje seg ut for å vera dei æsene dei nett har fortalt om, og tek namna deira. - Dette er det ikkje lett å få botn i, og det kjem eg att til.

Med til rammeforteljinga i *Gylvaginng* kan ein òg rekne opplysningane i Prologen om kvar æsene kjem frå. Det er nemleg der vi får forklart kvifor æsene er i landet til Gylve, slik at han kan oppsøke dei.

Rammeforteljinga i *Skaldskaparmál*, som tyder 'talen om skaldskapen', liknar den i *Gylvaginng*, men er enklare, og ikkje like gjennomført. Ein kar som heiter Æge eller Le er særst trollkunnig, og bur på Lesøy. Han tek ut på ferd til Åsgard. Men æsene veit om ferda hans føreåt, og tek vel imot han, enda mangt av det dei gjer berre er synkverving. Om kvelden samlast æsene til gilde i hallen, og det blir drukki mykje mjød. Æge blir sittande attmed diktarguden Brage, dei drikk og talar saman. Det er gjennom samtalen mellom Æge og Brage det mytologiske stoffet kjem fram - i utgangspunktet. Men lenger utover i forteljinga "koker Æge og Brage bort i kålen". Nærmast umerkande tek forteljaren over samtalen, slik at han spør og svarer sjølv. Dét merkar ein når han brått snakkar om samtalen mellom Æge og Brage i gjestebodet som "noko som hende ein gong", i fortida (Skm 42). Sidan sluttar forteljaren også å stille spørsmål til seg sjølv, og fortel stoffet direkte.

I begge rammeforteljingane blir altså det mytologiske stoffet formidla i ein samtale mellom æsene og ein trollkunnig mann som er komen til dei, og som blir narra med synkvervingar. Spørsmålet er naturlegvis kvifor Snorre har gjort det på denne måten. Dét spørsmålet er samansett, det er fleire spørsmål, for det er fleire ting Snorre har gjort. I første omgang skal eg gå inn på dei greie spørsmåla, som er:

- Kvifor presenterer Snorre mytologien i ein dialog?
- Kvifor gjennomfører han ikkje dialogforma?
- Kvifor lagar han ein "dialog" med tre på eine sida?
- Kvifor set han forteljinga om mytologien inn i eit narresyn?
- Kvifor lèt han ein jordisk konge spørja ut æsene om mytologien?

Det mest elementære spørsmålet er kvifor Snorre brukar dialogforma. Kvifor legg han ikkje berre fram det mytologiske stoffet i ein einetale frå perm til perm? Det er jo dét dagens forskarar gjer når dei skriv lærebøker om same emnet. Det banale svaret er vel at det var skikken på den tida å presentere lærdomsstoff i dialogform, og den skikken kan følgjast heilt attende til Platon. Eit godt døme er det populærteologiske verket *Elucidarius*, som vart omsett til norrønt før 1200. Der blir den teologiske kunnskapen presentert i ein samtale mellom ein meister og læresvein. Eit betre kjent, men yngre døme er vårt eige *Konungs skuggsjá*, der kunnskap om naturen og samfunnet blir presentert i ein samtale mellom far og son. Dialogform var altså vanleg i den samtidige, skrivne lærdomslitteraturen. Men også innanfor den heimlege, munnlege litteraturen var den forma vanleg. Vi finn henne att i eddakvede som *Vavtrudnesmål*, *Allvismål* og *Fjølsvinnsmål*, der mytologisk kunnskap blir formidla gjennom ein samtale mellom æsene og ein jotun eller dverg. Snorre hadde altså førebilete for dialogforma både i den internasjonale, skriftlege tradisjonen han skreiv innanfor og i den nedarva, munnlege kulturen han ville overføre til skriftkulturen.

Det har altså ikkje skorta på førebilete for samtaleforma. Men som ein ser utover i Skaldskaparmål og Håttatal, har Snorre ikkje kjent seg bunden av den forma. Så når han har valt å halde fast på henne, stort sett, må det vera fordi han har meint ho gjev visse fordelar i framstillinga, som at ho gjer stoffet meir levande. For å illustrere dét kan eg nemne eit døme frå vår tid. Lærebøker i filosofihistorie blir vanlegvis ikkje bestseljarar, for å seia det sånn. Men *Sophies verden*, som inneheld det same stoffet, berre at det er sett inn i ei skjønnlitterær ramme, er seld i millionopplag over heile verda. Da er sjølv sagt rammeforteljinga mykje meir enn berre ein samtale, men prinsippet skulle vera det same.

Alt i alt er det derfor kanskje mindre interessant å spørja kvifor Snorre vel samtaleforma som å spørja kvifor han ikkje gjer det konsekvent. Som vi har sett, "koker Æge og Brage bort i kålen" i Skaldskaparmål. Ei stund etter dét held Snorre likevel fast på ei "liksom-samtaleform", når han spør og svarer sjølv, men etter kvart tek einetalen over. Forklaringa kan vera at stoffet i den delen av Skaldskaparmål er meir eller mindre samanhengande heltesegner, nærmast som i ei fornaldersoge. Og dialogforma høyrde vel det reine kunnskapsstoffet til. På den andre sida er det ei tilsvarande utvikling i Håttatal, frå "liksom-samtale" til einetale, utan at det har samanheng med endring i stoffet som blir presentert.

Som vi har sett, er rammeforteljinga i Gylvaginng mykje meir avansert enn rammeforteljinga i Skaldskaparmål. Mellom anna Sigurður Nordal har peika på (1920:114) at rammeforteljinga i Gylvaginng også er mykje meir avansert enn vanleg var i samtida til Snorre.

Ein ting er at samtalen ikkje er nokon eigentleg dialog, slik som vanleg var. Den eine parten i samtalen er delt i tre: Høg, Jamhøg og Tredje. Dét gjev visse stilistiske fordelar. Når framstillinga blir meir variert av at stoffet blir presentert i spørsmål og svar, så blir det enda meir variert når det er tre som byter på å svara. Eg kjenner ikkje til om Snorre har hatt førebilete for dette, men det kan i alle fall sjåast som ei vidareutvikling av samaleforma.

Som Sigurður Nordal (1920:114) peikar på, blir tredelninga av svararen òg brukt til å framheve visse ting, fordi dei tre ikkje er likestilte. Tredje sit i det høgste høgsetet, og har ikkje ordet så ofte. Men når han har det, er det som tredjemann og sistemann, og det han da seier får særleg vekt. Eit døme finn vi i kapittel 3, der Ganglere spør kven den øvste guden er og kva storverk han har gjort. Høg svarer at dét er Allfader, og at han lever gjennom alle tider. Jamhøg seier at Allfader skapte himmelen og jorda og alt som høyrer til der. Tredje seier: "Men det *største* var at han skapte mennesket og gav det ei ånd som skal leva og aldri tynast ...". Eit anna døme finn vi i kapittel fire, der Ganglere spør om opphavet til verda. Høg fortel da det første *han* veit om, og det Jamhøg kan fortelja er frå enda eldre tider. Når det blir Tredje sin tur, seier han: "Men *først* var..." (Mi uth.)

Eit anna særdrag ved rammeforteljinga i Gylvaginng er det fiffige grepet å la ein seghistorisk konge formidle kunnskapen om mytologien frå gudane til menneska, dvs oss. Normalt var gude- og menneskeverda åtskilde, ein kunne ikkje berre stikke over til gudane og prate med dei. Men i seghistorisk tid var grensa flytande, slik som i heltekveda, der det stadig er overlapping og utveksling mellom dei to heimane. Det Snorre har gjort i rammeforteljinga er å utnytte denne mulegheita til å arrangere eit møte mellom menneske og gudar. Etterpå går mennesket heim og fortel vidare det han har høyrte, og slik går historiene frå munn til munn, inntil Snorre skriv dei ned. Dét er i alle fall den illusjonen Snorre prøver å skapa, etter Sigurður Nordal (?? xxx 1920)

og Meulengracht Sørensen (1992) sitt syn. Hadde vi ikkje hatt kong Gylve som bindelekk mellom oss og gudane, ville vi da ikkje hatt kjennskap til gudelæra.

Men her er vi over på eit anna viktig spørsmål: Er det eigentleg gudar kong Gylve/Ganglere pratar med? Dét kjem eg att til, først skal eg ta for meg det mest spesielle ved rammeforteljninga i Gylvaginning, og dét er *ginninga*, narresynet. Snorre har hatt førebilete for dét òg. Vésteinn Ólason peikar på at leik med synkvervingar er vanleg i latinske skrifter, og fleire har peika på at myten om Tors ferd til Utgards-Loke har vori eit førebilete. I den kjem Tor på besøk til Utgards-Loke, og må sjå seg overvunnen i ei rad med tevlingar. Men det heile er eit narresyn, og når dét kverv bort, finn Tor seg att på slette grasvollen, og ser ingen ting til Utgards-Loke og hallen hans.

Parallellen skulle vera opplagd nok. Det spesielle er at Snorre har brukt eit slikt narresyn til ramme rundt mytologisk kunnskapsstoff. Den vanlege forklaringa av dét er at Snorre brukar synkvervingssituasjonen som "skjold". Skulle kyrkja skulde han for å spreie heidenskap, kunne han dekke seg bak at heile mytologien nærmast er noko Gylve innbillar seg! I alle fall er det noko oppspinn han er lurt til å tru. Eg har ingen innvendingar til dét synet. Med narresynet avgrensar Snorre eit friområde der han slepp å stå ansvarleg for det som er innanfor.

Det vanlege synet er at Snorre avgrensar dette heidne friområdet med ein dobbel skigard, slik Sigurður Nordal uttrykker det. Den andre skigarden skal da vera euhemerismen, læra om at dei heidne gudane eigentleg berre er menneske som ved mistyding blir dyrka som gudar. Det er ingen tvil om at Snorre seier dét. I Prologen seier han at æsene er kongar frå Troja, og i Skaldskaparmål 8 seier han at æsene er menneske frå Asia, og at dei har lurt folk til å tru at dei er gudar.

* * * * *

Da er vi komne til del to av denne førelesinga, der eg skal prøve å sjå rammeforteljningane til Snorre frå to nye vinklar. Eg begynner med å problematisere euhemerismen til Snorre, eg trur ikkje det er så enkelt fatt med den som ein vil ha det til. Det er nemleg to påfallande sider ved han. Den eine har "man [...] forlengst sett", som Anne Holtmark (1964:56) seier, og den er at Snorre har laga ein ny euhemerisme. I Snorre-Edda er dei heidne gudane ikkje døde menneske dyrka som gudar, slik dei var etter det vanlege euhemeristiske synet.

Men spør vi så kva dei heidne gudane i Snorre-Edda eigentleg er, så er det uråd å gje noko eintydig svar. For om dét spørsmålet gjev Snorre oss ei rad motstridande opplysningar. Og dét er den andre påfallande tingen ved euhemerismen til Snorre.

For å få fram kva eg meiner vil eg gå gjennom dei opplysningane vi får. I Prologen får vi veta at æsene er menneske som kjem vandrane frå Troja til Sverige, der kong Gylve rår. Han tek imot dei, og lèt dei slå seg ned i Sigtuna. I Gylvaginning oppsøker Gylve æsene, tydelegvis dei som er i Sigtuna, og tydelegvis framleis dei æsene som kom frå Troja. For det er jo kong Gylve sine samtidige det er snakk om heile tida. Så fortel æsene Gylve om gudane sine, som er Odin og dei andre æsene i Troja. Dét blir presisert i Gylvaginning 9. Men æsene i Troja er jo dei som no sit og fortel om æsene i Troja, for i Prologen har vi fått veta at dei æsene som no er komne til Sigtuna er Odin og dei andre æsene frå Troja.

Ein ting som blir fortald frå Troja (Gf 9) er at ei "Odin-treeining" har gjevi liv til dei første menneska, og at ein av etterkomarane deira er Odin, han som grunnla Åsgard. Og Åsgard "[kallar] vi [...] Troja", seier Høg i kapittel 9.

Så, når narresynet er slutt, og Gylve har gått heim, bestemmer æsene seg for å gje seg ut for å vera trojanar-æsene. Dét gjer dei med å ta namna deira, dvs dei tek sine egne namn. I Skaldskaparmål 8 får vi sidan veta at æsene er folk frå Asia, og at dei har forfalska historiene om hendingane i Troja, for å lure folk til å tru at dei er gudar.

Desse opplysningane er fulle av paradoks og sjølvmotseiingar. At æsene er menneske som lurer folk til å tru dei er gudar, er berre ei av fleire opplysningar. Men det er den granskarane har haldi seg til, og så har dei prøvd å grava fram or labyrinten ein konsekvent modell som samsvarer med den. Holtsmark (1964:56-57) klarer dét når ho baserer seg på ei utsegn i kapittel 9 om at Troja er *inn forni Åsgarðr*. Når Troja er *Gamle Åsgard*, da må Sigtuna vera *nye Åsgard*. Og ut frå dét ser det ut til at ho sluttar at Snorre opererer med ulike generasjonar av æser, ein eldre generasjon i Troja og ein yngre i Sigtuna. Da må det ha vori andre æser i Troja enn dei som er i Sigtuna, og da unngår ho det paradoksale at æsene i narresynet sit og fortel om gudar som er dei sjølve.

Men for å få kabalen til å gå opp på den måten, må ho sjå bort frå ganske mykje. Faktisk kan vi ut frå opplysningane i Edda også slutte det motsette: at æsene Gylve pratar med er gudar, og dét vil eg prøve å vise no.

Det første Gylve spør om er kven som er gjævast og eldst av gudane. Høg svarer: "Han heiter Allfader på vårt mål. Men i den gamle Åsgard hadde han tolv namn." (Eggen 1973:20-21) Og så reknar Høg opp tolv odinsnamn. Vidare får Gylve høyre at Allfader Odin har skapt himmelen og jorda, og at han styrer alt og lever gjennom alle tider. "Men det største var", seier Tredje,

"at han skapte mennesket og gav det ei ånd som skal leva og aldri tynast, om så lekamen rotnar til jord eller brenn til oske. Og alle menneske som har rette seder, skal leva og vera saman med han sjølv der det heiter Gimle. Men vonde menn fer til Hel og deretter til Nivlhel; det er nede i den niande heimen."

Det Snorre lèt Høg, Jamhøg og Tredje skildre her er det kristne gudsomgrepet. Ein skapning som er slik, er Gud, rett og slett, etter Snorre og kvar annan mellomalderkristen sine omgrep. Her fyller altså Odin den kristne guden sin plass, blir faktisk identisk med han. Kva slag gudssyn dette er, kjem eg att til.

Neste punkt. Av Gylvaginning 9 går det fram at den Odin som her er skildra som Gud heldt til i Troja. Når Odin kjem vandrande til Sigtuna i spissen for æsene, må det altså vera den same det er snakk om.

Som vi har sett, går det fram av Prologen og Gylvaginning at både æsene frå Troja og æsene Gylve møter i narresynet må vera samtidige med kong Gylve. Altså må det vera æsene frå Troja Gylve møter i i Gylvaginning. I så fall er den tre-einte Odin Gylve pratar med gud, slik som han gjev seg ut for å vera.

Eg kan setta resonnementet opp skjematisk:

1. Odin er gud.
 2. Odin heldt til i Troja.
 3. Odin-treeininga Gylve pratar med er den Odin som kom frå Troja.
- Altså: Odin-treeininga Gylve pratar med er Gud.

Det Snorre skriv i Edda gjev altså grunnlag for å seia både at Odin er eit menneske òg at Odin er Gud.

Somme vil nok tykkje dette resonnementet er søkt. Likevel må det kunne slåast fast at Snorre har laga ein labyrint for oss ikring spørsmålet om kven dei heidne gudane er:

Vi får veta at æsene er menneske som kom frå Troja til Sigtuna. Der fortel dei historier om gudane sine, som er dei sjølve da dei var i Troja. Og sidan tek dei sine egne namn for å lure folk til å tru at dei er dei gudane dei sjølve var i Troja.

Dette får meg til å tenkje på eit surrealistisk bilete eg har sett der det renn vatn nedover og nedover, men likevel hamnar det på toppen før det renn ned att og hamnar på toppen. Og så bortetter.

Prøver ein å finne ut av slikt, så blir ein tullerusk. Einaste løysinga er å avfinne seg med at det strid mot det mogelege og seg sjølv.

Kva kan vi slutte av at Snorre har laga ein slik labyrint åt oss? Kan vi feie det av og seia at det ikkje er noko å leggja vekt på? Nei, det kan ein ikkje, for slik tåketale er svært utypisk for Snorre. Logisk samanheng og konsekvens er elles noko av det som mest særmerker skriftene hans. Er det ikkje logisk samanheng i kjeldene hans, så lagar han det. Kor konsekvent og greitt Snorre skriv til vanleg, kan vi sjå t d i Ynglingsoga. Der stiller han lett og elegant opp ein logisk og oversiktleg euhemeristisk modell: Odin og dei andre æsene var spesielt evnerike menneske som kom frå Troja til Svitjod, og etter at dei var døde tok folk til å dyrke dei som gudar. Enkelt og greitt.

Det hadde ikkje vori det minste problem for Snorre å laga ein like klår og logisk modell i Edda. Når han likevel serverer oss ein surrealistisk labyrint av ein modell, så er det rimelegvis fordi det var dét han ville. Han ville at det skulle vera uråd å få botn i kven æsene eigentleg er. Da blir spørsmålet: Kvifor i all verda ville han dét?

Eg har eit forslag til svar, men for å koma fram til dét, må eg gå litt inn på den generelle debatten om kva ærend Snorre var ute i og kva han meinte om den gamle trua. M a Anne Holtmark har meint at Snorre var ute etter å demonisere dei gamle gudane og å framstille åsatrua som det motsette av kristendomen. I ein artikkel frå 1977 har Ursula og Peter Dronke argumentert for at Snorre tvert imot meinte dei gamle mytane kunne vera verdifulle for dei kristne i samtida hans. Snorre var ikkje ute etter å demonisere åsatrua, men å presentere åsatrua som ein forløpar for kristendomen, ein forløpar som langt på veg hadde same innhaldet som kristendomen. Det som har sett-dei på den tanken, er at vi kjenner til ei heil rørsle av tilsvarande prosjekt på kontinentet i samtida til Snorre. Dei kristne platonistane på 1100-talet meinte mykje av den antikke filosofien var så verdifull at han ikkje kunne vera vranglære, jamvel om han var heiden. Derfor prøvde dei å støype den antikke filosofien saman med kristendomen. Dei prøvde å utvikle ein modell som kunne romme begge tankebygningane. Dét klarte dei, langt på veg, med ein del lirking og lemping og haltande parallellar. Dei klarte òg å få den antikke heidendomen inn i ein kristen

modell. For å illustrere tankegangen deira vil eg lesa eit sitat av Den tredje Vatikan-mytografen, dei kallar. Han viser til at det er filosofar som seier at

"there is a single god, undoubtedly the creator of heaven and earth and of all things. Yet they call him many names, on account of the manifold ordering principle of the world. He is called Vitumnus in that he grants life, Sentinus in that he bestows sense-perception. He is called Jove or Jupiter in the ether, Juno in the air, Diana in the earth, and there are many other names of the same god, as though they were names of many gods. And often one and the same god is not only spoken of by diverse names but is said to be of varied sex."

Dette var av Den tredje Vatikan-mytografen, sitert etter artikkelen til Dronke og Dronke (1991:168):

Som vi ser: Ideen er at heidningane eigentleg trur på Gud, men dei kjenner ikkje namnet hans, dei kallar han med andre namn.

Men: Dette var vågalt. Dei ortodokse i kyrkja mislikte prosjektet, og prøvde å stoppe munnen på fleire av dei største tenkjarane. Dei berga seg likevel, med å balansere slik at dei ikkje gjekk lenger enn kyrkja kunne godta.

Da kan vi vende attende til Snorre. Dronke og Dronke peikar på at religionssynet han uttrykker i prologen kjem svært nær synet til dei kristne platonistane. Det skal de få høyre eit døme på. Eg les eit avsnitt i prologen, sitert etter Erik Eggen si omsetting. Heidningane observerte gangen åt sola og månen, og så seier Snorre:

"Av slike ting kom dei på den tanken at det vel var ein styrar for himmelljosa, ein som sette fast gonga deira etter viljen sin, og at han laut vera svært mektig og sterk. Og det sveiv føre dei, at dersom han rådde for alt som var skapt, så laut han ha vori til føre himmelljosa. Og det såg dei, at dersom han rår for himmelljosa, så rår han òg for skinet frå sola og dogga frå lufta og vokstrane på jorda som følgjer av det andre, like eins vinden i lufta og dermed stormen på havet.

Likevel visste dei ikkje kvar riket hans var. Men det trudde dei, at han rådde for alle ting på jorda og i lufta, for himmelen og ljosa på den, for havet og vindane." (Eggen 1973:12)

Her møter vi att ideen vi såg hos dei kristne platonikarane. Snorre meiner heidningane hadde ein idé om den allmektige, sanne Gud. Dei hadde ei tru som *i innhald* svarte til den kristne, jamvel om dei ikkje kjende Guds namn. Ideen er den same som i det eg siterte frå Gylvaginning 3 i stad, der Odin blir skildra som den evige Gud, skaparen av himmelen, jorda og mennesket, den som dei gode skal vera hos i æva, medan dei vonde kjem til ein mindre triveleg plass. Den gudsideen Snorre legg inn i åsatrua er dermed heilt kristen i innhaldet. Det er berre hamen som skil den gamle trua frå den religionen han sjølv vedkjenner seg. Han tek altså åsatrua inn i den kristne modellen, kristnar henne, rett og slett.

Det eg vil fram til er at dersom det stemmer at Snorre har hatt dette synet på dei gamle gudane, så ville det ikkje vera nødvendig for han personleg å gjera dei til menneske. Da skulle han ikkje for sin eigen del trenge å ufarleggjera dei på den måten. På den andre sida måtte han ta omsyn til dei ortodokse i kyrkja. Dei ville stemple han som vranglærer om han ope skreiv at dei heidne gudane er Gud under andre namn.

Kva gjer Snorre så? -Tja, forslaget mitt er at han dobbelkommuniserer. På den eine sida seier han det han må seia, og gjer det han må gjera. Han set sjølv utgreiinga om den gamle religionen inn i eit narresyn han slepp å stå ansvarleg for. Og han seier at æsene eigentleg er menneske. Samstundes seier han det motsette, men løynt i ein labyrint, slik at han ikkje risikerer å bli sett fast for det.

Men kvifor let han da æsene heilt eintydig vera menneske i Ynglingsoga? -Det måtte vera fordi kongesoga er ein annan sjanger. Eit historieverk som siktar mot å bli lesi som realhistorie toler ikkje surrealistiske labyrintar i framstillinga. Altså måtte Snorre der skrive klårt og greitt, og da fall "tilleggskommunisering" av brennbare synspunkt bort av seg sjølv.

Dersom eg har rett i at Snorre dobbelkommuniserer om statusen til æsene, så stør dét opp om det synet Dronke og Dronke set fram, og som er det vanlege synet i dag, nemleg at Snorre var positiv til den gamle trua. Meir presist er Dronke og Dronke sitt syn at Snorre har prøvd å vise at det er "a far-reaching anticipation of Christian thought" (Dronke 1991:174) i den nordiske kosmologien og mytologien.

Det spørst om ein ikkje kan seia det enda sterkare. Det er somt i rammeforteljningane i Edda som tyder på at Snorre rett og slett har identifisert dei norrøne gudane med sin eigen Gud. Det skal eg prøve å vise no, i det som blir siste del i denne førelesinga, før oppsummeringa. Det eg skal gjera er å jamføre strukturen i rammeforteljningane med strukturen i mytane som var modell for Snorre.

Det er brei semje om at Snorre har henta rammeforteljninga i Skaldskaparmål frå Loketretta. Der blir det fortalt at æsene er i drikkegilde hos Æge, havjotunen, som har brygga øl i ein særskild, kjempestor bryggarkjel som Tor har henta hos jotunen Hyme. Det er eit stort gjestebod, alle æsene så nær som Tor er der, og Æge brukar lysegull til å lyse opp hallen. I Skaldskaparmål er Æge i drikkegilde hos æsene, som brukar blanke sverd til å lyse opp hallen med. Som vi ser, er parallellane tydelege, enda oppsettet er enkelt: Æge eller æsene er i drikkegilde hos kvarandre, og lyskjelda er underfull. Det interessante er at Snorre likevel ikkje har følgd originalen passivt. For i så fall skulle rammeforteljninga i Skaldskaparmål vori at æsene var i drikkegilde hos Æge. Men det er dei ikkje, tvert om er det han som kjem til dei. Snorre har altså snudd modellen att-fram. Dét er neppe tilfeldig, og eg trur forklaringa ligg i symbolverdien til det som blir utveksla i dei to gjesteboda.

Som kjent symboliserer mjøden i nordisk mytologi skaldekunsten og den løyndomsfulle kunnskapen. Det finst ei rad mytar om korleis æsene får eller stel mjøden frå jotnane. Margaret Clunies Ross (1994:216-17) ser myten om den særskilde bryggarkjelen og drikkegildet hos Æge som ein av desse mytane. Da er det ikkje berre skjenk æsene får hos Æge, men samstundes skaldekunsten og kunnskapen. Skaldskaparmål tyder på at Snorre har oppfatta det slik. I det omsnudde oppsettet får Æge to ting samstundes av æsene. Han får mjød, og han får skaldskapsmålet, skaldskapslæra, servert av Brage, diktarguden. Det er vanskeleg å forstå dette annleis enn at mjøden og skaldskapen er kopla fordi dei er eitt og det same.

Ut frå denne tolkinga er det kunnskapsstraumen Snorre har snudd. Kunnskapsstraumen går ikkje, som i originalen, frå jotunen til æsene, men frå æsene til jotunen. Vi skal sjå at Snorre har gjort noko liknande i rammeforteljninga i Gylvaginning.

Modellen for den har vori Vavtrudnesmål, meiner ein. I det kvedet kjem Odin som vandringsmann til jotunen Vavtrudne, kallar seg Gagnråd, og spør om Vavtrudne er kunnig. Til dét svarer Vavtrudne at han aldri slepp ut derifrå om ikkje han veit mest, og så satsar begge hovudet i ei kunnskapstevling. Men nokon eigentleg kappestrid blir det ikkje, for når det kjem til stykket, er det mest Odin som spør, og Vavtrudne som svarer. Dét stemmer òg med det Odin i strofe ein seier er føremålet med ferda:

Forvitni mikla
kveð ek mér á fornom stǫ fom
við þann inn alsvinna jǫ tun,

seier Odin. Direkte omsett tyder dét at Odin har 'stor nyfikne på gamal kunnskap overfor den allkloke jotunen.' Odin er altså ute etter å få mytisk kunnskap hos jotunen.

Dei fleste av desse motiva frå Vavtrudnesmål finn vi att i rammeforteljninga i Gylvaginning. Gylve kjem som vandringsmann til ein framand gard, brukar fingert namn, og satsar hovudet sitt i ei kunnskapstevling der han stiller spørsmåla og får mytisk kunnskap til svar.

Skilnaden er at det her ikkje er ein jotun som er kunnskapskjelda, men æsene i Valhall. For det er ingen tvil om at hallen til Høg skal oppfattast som Valhall. Det blir sagt i reine ord i kapittel 2, han blir skildra som Valhall, og kalla *Háva hǫ ll*, som er hallen til Odin i Håvamål. Og både *Hár*, *Jafnhár* og *Þriði* er odinsnamn. Snorre har altså gjort den same utskiftinga her som i rammeforteljninga i Skaldskaparmål. Jotunen er skifta ut med æsene som kunnskapskjelde. Derimot har han ikkje fullført omsnuinga, og lati ein jotun koma til Valhall for å få kunnskap, slik som i Skaldskaparmål. Grunnen til dét kan eg berre spekulere på. Men ein kan tenkje seg at mønsteret med vandringsmannen Odin som kjem til jotnar og søker kunnskap under fingert namn låg for fast til at Snorre ville tukle med det. På andre sida skulle mønsteret med at æsene søker kunnskap hos jotnane ligga enda fastare, men dét har Snorre snudd om på, likevel, i Skaldskaparmål.

I alle fall held Snorre fast ved originalen når det gjeld komemannen: Han er framstilt som ein typisk Odin-skapnad (jfr Falk 1924 og Dronke 1991), og brukar jamvel odinsnamnet Ganglere om seg sjølv.

Resultatet blir ein "Odin-kollisjon". Odin-hypostasen Ganglere kjem til gards for å få kunnskap, men "møter nærmast seg sjølv i døra", og får kunnskapen av ei Odin-treeining. Det er nokså surrealistisk. For å koma seg ut or paradokset kan ein seia at Høg, Jamhøg og Tredje heilt utvitydig er Odin, medan Gylve/Ganglere berre kan tolkast som Odin. Trass alt er han eigentleg ein nokså einfaldig jordisk konge. Rangeringa mellom dei går òg fram av utfallet av Gylvaginning: Det er Odin-treeininga som dreg det lengste strået, Gylve er nærmast som eit leikety i hendene på æsene.

Dersom dette er rett, går kunnskapsstraumen i Gylvaginning om lag som i Skaldskaparmål: Frå æsene til dei andre, dei som står under gudane, og ikkje frå dei andre til æsene. Snorre har altså to gonger gjort det same, klåre avviket frå førebiletet. Spørsmålet blir da kva endringa inneber.

I nordisk mytologi er samspel mellom æsene og jotnane ein av grunnsteinane, æsene er avhengige av jotnane og må hente kunnskap hos dei. Den ideen bryt fullstendig med kristen tankegang. For den kristne guden er ikkje avhengig av nokon, han er tvert imot allmechtig, og er sjølv opphav til alt. Det Snorre har gjort, er dermed å skifte den heidne kunnskapsideen ut med den kristne. Han har "kristna" den heidne kunnskapsideen.

Kvifor har Snorre gjort det? -Rimelegvis fordi det streid imot gudsbiletet hans at gudar er så avmechtige at dei må få kunnskap hos andre. Men dét tyder i så fall på at Snorre identifiserer æsene med sin eigen Gud. Berre da ville det koma i konflikt med gudsbiletet hans at gudane er avmechtige. Såg han derimot på dei som demonar, så skulle det ikkje vera noko problem at dei er avhengige av andre. Tvert imot, dét ville nettopp vise at det ikkje er noko guddomleg ved dei.

At Snorre såg slik på dei gamle gudane, tyder også den forma han har gjevi dei i rammeforteljinga: Gylve møter ei treeining av gudar som alle ber odinsnamn. Det er mange granskarar som har peika på at Snorre her må ha hatt den kristne treeininga som modell.

Da er det på tide å problematisere resonnementet. Det er nemleg ikkje så enkelt som eg har framstilt det til no. Dersom Snorre var ute etter å kristne åsatrua, føye henne inn i den kristne modellen, så skulle ein vente at han gjorde det konsekvent. Men dét gjer han ikkje. Rett nok har dei fleste granskarane meint at Snorre strukturerer framstillinga av den gamle trua etter sitt kristne verdsbilete. Dét har dei meint sjølv om dei har hatt motsett syn på kva Snorre prøvde på, altså om han ville vise at åsatrua er eit negativt spegelbilete av kristendomen, eller han ville få åsatrua inn i den kristne modellen.

Men ser vi på empirien, som særleg er dei mytane Snorre har fortalt innanfor rammeforteljinga i Edda, så finn vi to motsette tendensar. Vi finn ein del "kristna mytar", der Snorre har sett inn ein kristen struktur, slik at hamen er det einaste heidne som er att. Eitt døme på dét er myten om verdsundergangen i Gylvagingning 51 og 52. Der har Snorre stokka om på stroferekkefølga i Voluspå, slik at plaginga av mordarane kjem etter ragnarok, i samsvar med kristne idear. Eit anna døme er skildringa av gullalderen, som minner mykje om det kristne paradiset. Og det tydelegaste dømet er skildringa av Odin som den evige guden som har skapt alt og styrer alt, den eg siterte frå i stad. Men for kvar slik "kristna" myte finn vi mange fleire som Snorre ikkje har tukla med. Dét veit vi fordi vi i mange tilfelle har dei same kjeldene som Snorre. M a har han gjevi oss ei rad mytar der æsene får mytisk kunnskap og skaldekunst frå jotnane, slik eg snakka om i stad.

Dét at Snorre har formidla dei fleste mytane "ukristna" kan naturlegvis vera eit sterkt argument mot hypotesen om at han var ute etter å "kristne" åsatrua. Ja, men poenget er at dét berre er ein tendens, og Snorre si overlevering av den nordiske mytologien viser motstridande tendensar. Dét er eit problemfelt eg ikkje skal gå nærare inn på. For mi oppgåve her i dag er ikkje å seia noko om Snorre-Edda generelt, berre om rammeforteljingane. Og eg har ikkje analysert meir enn dei. Til gjengjeld er vel rammeforteljingane noko av det som kan seia mest om kva Snorre personleg meinte om dei norrøne gudane. For metamytane vi finn der veit vi er dikta av han sjølv.

* * * * *

Da er det på tide å oppsummere. Eg har ikkje noko nytt å seia om dialogforma Snorre brukar, eller om narresynet, eller om illusjonen han vil skapa om at kong Gylve bringar kunnskapen om mytologien vidare til oss. Så dét skal eg ikkje seia meir om.

Eg har konsentrert utgreiinga mi om to sider ved rammeforteljingane i Edda. Grunnen er at dei ikkje har vori drøfta før, samstundes som dei truleg kan seia ein god del om Snorre sitt syn på den gamle religionen. Det eine eg har konsentrert meg om er labyrinten av opplysningar om kven æsene er og statusen deira. Den er så utypisk for Snorre at det er grunn til å tru han medveti dobbelkommuniserer kva han meiner om gudestatusen til æsene. Euhemerismen må da sjåast som eit reint forsvarsverk mot kyrkja, nett som narresynet.

Det andre eg har prøvd å vise er at Snorre i rammeforteljingane har "kristna" kunnskapsideen han fann i dei heidne førebileta. I førebileta må æsene få kunnskap hos jotnane, men hos Snorre er det omvendt, som om det var problematisk for han at æsene var avmechtige. Dét kan tyde på at Snorre identifiserte æsene med sin eigen Gud.

Det må seiast at Snorre-Edda samla sett gjev eit mykje meir komplisert bilete enn dette. Men rammeforteljingane kan vera den beste kjelda vi har til Snorres eige syn på åsatrua.

Litteratur:

- Clunies Ross, Margaret, 1994: *Prolonged Echoes. Old Norse Myths in medieval Northern society.* Vol 1. *The Myths.* The Viking Collection. Studies in Northern Civilization, 7. Odense.
- Dronke, Ursula og Peter Dronke: "The Prologue of the Prose Edda: Explorations of a Latin Background." I *Myth and Fiction in Early Norse Lands.* Variorum (Fyrst i *Sjötú ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni 1*, Reykjavík 1977).
- Edda Snorra Sturlusonar. Udgivet efter håndskrifterne.* Utg Finnur Jónsson, København 1931.
- Eggen, Erik, 1973: *Snorri Sturluson: Den yngre Edda.* Norrøne bokverk 42. Omsetting av Prologen, Gylvaginng og prosaforteljingane i Skaldskaparmål. Oslo
- (*Elucidarius*) *The Old Norse Elucidarius: original text and English translation.* Utg Evelyn Scherabon Firchow, Columbia 1992.
- Holtmark, Anne, 1964: *Studier i Snorres mytologi.* Oslo.
- Konungs skuggsjá. The King's mirror: AM 243 a fol.* Utg Ludvig-Holm-Olsen 1987.
- Meulengracht Sørensen, Preben, 1992: "Snorris fræði." I Úlfar Bragason (red): *Snorrastefna.* Rit Stofnunar Sigurðar Nordals 1. Reykjavík.
- Sigurður Nordal 1920: *Snorri Sturluson.* Reykjavík.
- Sofies verden. Roman om filosofiens historie.* Jostein Gaarder, Oslo 1991.
- Sæmundar Edda hins fróða.* Utg Sophus Bugge, Oslo 1965 (Kristiania 1864).
- Vésteinn Ólason, 1992: "Snorra Edda." I Vésteinn Ólason (red): *Íslensk bókmenntasaga I.* Reykjavík.
- (*Ynglingsoga*). *Heimskringla I.* Íslensk fornrit 26. Utg Bjarni Aðalbarnarson, Reykjavík 1941.

.....

Manuskriptet er berre publisert på internett. Bruk det gjerne, men oppgje kjelde:

<http://eldar-heide.net/>